

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 06.01.16
SAKSHANDSAMAR: Olav Klausen
SAKA GJELD: **Årleg melding for Helse Fonna HF 2016**

STYRESAK: 5/17

STYREMØTE: 13.01.17
2 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF godkjenner årleg melding 2016

Bakgrunn for saka

Helse Fonna skal sende ei årleg melding til Helse Vest. På bakgrunn av styringsdokumentet sender Helse Vest RHF ut ein mal som gjev grunnlag for utforminga av årleg melding.

Administrerande direktør har gått gjennom årleg melding for Helse Fonna HF med dei tillitsvalde 29.11.16, og med Arbeidsmiljøutvalet og Brukarutvalet 15.12.16. Uttale frå brukarutvalet er lagt ved saka. Administrerande direktør har tatt innspel som kom i møta med i meldinga.

Grunna sakshandsaming er talgrunnlaga i meldinga henta frå styringsportalen 01.11.16. Fristen for å sende årleg melding til Helse Vest er 13.01.17.

Oppsummering

I 2016 har føretaket hatt korte ventetider for pasientane, og har hatt få fristbrot.

Dei aller fleste kreftpasientane kjem inn i pakkeforløp.

Innan psykisk helsevern har satsinga på tilboda til barn og unge fortsatt i 2016. Det er lagt vekt på å utvikle dei distriktpsikiatriske sentra med polikliniske og ambulante tilbod.

Føretaket har arbeidd med å redusere bruken av tvang.

Styra i Helse Fonna HF og Helse Vest RHF godkjente planane for nybygg til Haugesund sjukehus våren 2016, og over 200 medarbeidarar har sidan det arbeidd med forprosjektet til det som skal bli eit nybygg til Haugesund sjukehus.

Det har i 2016 vore stor utvikling innan IKT-området i Helse Vest. Helse Fonna har mellom anna starta med å implementere elektronisk kurveløysning for innlagte pasientar, noko som vil lette arbeidet på sengepostar og auke pasienttryggleiken. I 2016 har pasientane fått sjå sin eigen pasientjournal på nett og kan òg sjå og endre timane sine.

Nasjonal helse- og sjukehusplan blei vedtatt av Stortinget i 2016. Helse Fonna har saman med Helse Vest utgreidd korleis planen får verknad for Stord og Odda sjukehus. Prosjektrapporten for Stord sjukehus blei handsama av styret i Helse Fonna HF i oktober 2016.

Det er venta at rapporten for Odda sjukehus ligg føre i januar 2017.

Helse Fonna ventar eit overskot på 30 millionar kroner for 2016. Føretaket har nytta dei over 30 millionar kronene i ekstraordinære vedlikehaldsmidlar til å ruste opp alle sjukehusa i føretaket.